

Underskrivne kommuner, 7. februar 2017

**Til Forsvarsminister Ine Eriksen Søreide
Forsvarsdepartementet
Pb 8126 Dep
0032 Oslo**

Openheit og innsyn om framtida til land-forsvaret

Underteikna ordførarar syner til brev frå 13 forsvarsorganisasjonar dagsett 25/1-17 med krav om openheit og høve til offentleg debatt om framtidig organisering av landforsvaret i Noreg.

Då Stortinget hausten 2016 handsama Langtidsplanen for Forsvaret, trekte ikkje Stortinget konklusjonar om Landforsvaret (Hæren og Heimevernet). Landforsvaret si organisering vart utsett til hausten 2017 i påvente av "Landmaktutredningen", der Forsvarssjefen har fått i oppdrag å *"..vurdere ulike konseptuelle alternativer og kapasiteter som sikrer at landmakten har den innretning som er nødvendig, og at midlene brukes slik at de gir mest mulig operativ evne."*

Underteikna ordførarar vil understreke at eit sterkt landforsvar er avgjerande for beredskap og samfunnstryggleik. Ikkje minst spelar Heimevernet ei nøkkelrolle sett frå ein kommunal ståstad, med sine over 40.000 personell tilgjengeleg med utstyr, trening og lokalkunnskap over heile landet, og nær påkobling til lokalt beredskapsarbeid.

Vi ser med uro på at det allereie i 2017 er sett i gong ei nedskalering av Heimevernet, før Landmaktutredningen er ferdig utarbeidd og politisk handsama.

Vi legg difor til grunn at Regjeringa sørger for at Forsvarssjefen si Landmaktstudie vert offentleggjort så snart denne er ferdig våren 2017. Då er det mulig å få ein god offentleg debatt om Landforsvaret si framtid i god tid før Regjeringa kjem med si innstilling til Stortinget i oktober 2017.

Helsing

Alfred Bjørlo (ordførar Eid)

Gunhild Berge Stang (ordførar Fjaler)

Lena Landsverk Sande (ordførar Vanylven)

Ingebjørg Winjum (ordførar Granvin)

Olav Kasland (ordførar Bø)

Runar Bålsrud (ordførar Hurdal)

Eivind Brenna (ordførar Vestre Slidre)

(lista blir utvida med ordførarar som sluttar seg til oppropet)